



Ruspolitisk handlingsplan

2024 - 2028



Vedteke i Eidfjord kommunestyre sak 24/114

Kari Lægreid og Linda Ågotnes Kaland

Innhald

1. Innleiing	
1.1 Bakgrunn.....	2
1.2 Arbeid med planen.....	2
1.3 Lovgrunnlag.....	3
2. Uttalar og beskriving av rusmiddelsituasjonen i Eidfjord kommune.....	4
2.1 Rusmiddelsituasjonen i Noreg.....	4
2.2 Rusmiddelsituasjonen i Eidfjord.....	6
2.3 Ungdata.....	6
2.4 Statistikk, omsetjingstal og tal på skjenkebevillingar.....	7
2.5 Uttalar.....	8
3. Ruspolitiske mål og strategiar.....	12
3.1 Nasjonale mål	12
3.2 Eidfjord kommune sine mål og strategiar.....	12
4. Førebygging.....	14
4.1 Handlingsplan.....	15
4.2 Ansvarleggingering av foreldre og besteforeldre som gode rollemodellar.....	16
4.3 Kartlegging.....	16
4.4 Rus og arbeidsliv.....	17
5. Gjennomføring og rullering av ruspolitisk handlingsplan.....	17
5.1 Gjennomføring.....	17
5.2 Økonomi.....	17
5.3 Rullering	17
6. Alkoholpolitikk	18
6.1 Tildeling av servering, sals- og skjenkeløyve.....	21
6.2 Salsløyve.....	21
6.3 Skjenkeløyve.....	22
6.4 Kommunalt tilverkingsløyve.....	23
6.5 Ambulerande løyve.....	24
6.6 Kontroll og reaksjonar.....	24
6.7 Fornyng av sals- og skjenkeløyver.....	25
7. Oppfølging og rehabilitering av rusmiddelbrukarar.....	26
7.1 Behandlingstilbod.....	26
7.2 Tiltak – bustad.....	26
7.3 Regionale kompetansesenter for rusmiddelspørsmål.....	27
8. Vedtak	27

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Etter alkohollova §1 – 7d er kommunane lovpålagd å utarbeida ein alkoholpolitisk handlingsplan. I dei fleste tilfelle er det naturleg å sjå alkohol- og ruspolitikken i samanheng og det vert anbefalt at kommunane utarbeidar ein heilskapleg ruspolitisk handlingsplan der den alkoholpolitiske planen inngår.

Forskinga har synt at kommunen sin bevillings- og kontrollmynde er blant dei mest effektive verkemidla me har for å redusera alkoholforbruk og alkoholrelaterte skadar. Alkohollova vart sist endra 6. juli 2021, og denne revisjonen gjev kommunane større fridom til å organisera sitt alkoholpolitiske arbeid ut frå ei vurdering av lokale forhold. Helsedirektoratet har gitt fylgjande kommentar til lovteksten: *«Kommunen har etter §1-7d en plikt til å utarbeide en alkoholpolitisk handlingsplan. Loven gir ingen direkte anvisninger om kva planen skal inneholde, men den bør angi de alkoholpolitiske hovedmålene og de delmål kommunen legger til grunn for sin alkoholpolitikk, samt de virkemidlene som vil tas i bruk for å nå disse målene. For eksempel kan virkemidler som tak på antall skjenkesteder, åpningstider og kontrolltiltak nedfelles i planen. Planen bør konkretisere hvilke tiltak kommunen vil satse på for å nå den landsomfattende målsettingen om å redusere alkoholforbruket».*

(Helsedirektoratet, u.d.)

1.2 Arbeid med planen

Eidfjord kommune sin førre plan vart fyrst vedteken i 2017. Våren 2020 vart det sett i gong eit mindre arbeid med dei alkoholpolitiske retningslinene for Eidfjord kommune 2020-2024, skjenke- og salsløyve for perioden 2020-2024 som førte til ei forenkling av forlenging av løyver. Våren 2024 starta arbeidet med ei revidering av planen for perioden 2024-2028.

Som nemt ovanfor er rusproblem meir enn berre alkohol, og sjølv om alkohol er det mest kjende rusmiddel i Eidfjord må ein ikkje vera blåøygd og tru at me ikkje har andre former for rusproblem i kommunen. Rusarbeidet må heller ikkje berre ha fokus på behandling. Førebyggjande arbeid er viktig innan alle rusområder. Arbeidet må også vera kriminalitetsførebyggjande og famna om alle aldersgrupper. Førebygging allereie blant småborn er eit viktig ledd i å skapa stødige vaksne som ikkje treng rusmiddel for å fungera. Eidfjord kommune har sett saman ei oppvekstgruppe med fokus på rus og kriminalitetsførebyggjande arbeid. Dette er ei tverrfagleg gruppe med faste medlemmar frå NAV, skule, helse, kultur, politi og barnevern. Denne gruppa har faste møter 4 gonger i året og har blant anna som oppgåve å fylgje opp mykje av tiltaka i handlingsplanen (førebyggjande arbeid). Oppvekstgruppa har fokus på at barn og unge, vaksne og eldre vert i

stor grad fulgt opp av sosial, helse og NAV. Eidfjord kommune samarbeider med Skjenkekontrollen i Voss og Hardanger, Eidfjord kommune tildeler sjølv sals- og skjenkeløyver.

Ansvarlege for arbeid med planen:

- Einingsleiar for kultur, næring og berekraft, Lisbeth Bygstad Celik (ansvarleg)
- Førebyggingskoordinator, Kari Lægreid (har skrive planen, sekretær og koordinator for Oppvekstgruppa)
- Linda Ågotnes Kaland (ansvarleg for kapittel om alkoholpolitikk og forskrift for servering, sal og skjenking av alkoholhadlig drikk, Eidfjord kommune, Vestland)
- Oppvekstgruppa: Helsesjukepleiar - Anne Myklatun, psykiatrisk sjukepleiar - Elin Sæbø Vik, sosiallærer - Liv Kristoffersen, sosialleiar - Jarand Lekve, Voss Lennessmannskontor - Bjørn Inge Aarsand, Hardanger barnevern - Terje Solvi og sekretær – Kari Lægreid

Framdriftsplan:

23.02.2024	Oppstartsmøte med arbeidsgruppe	Kultur, administrasjon	
07.03.2024	Brev til skular, politi, barnevern, NAV, sals- og skjenkekontroll med fleire om uttale kring situasjonen i kommunen	Kultur	Uttalefrist 01.04.2024
April/mai	Arbeidsmøte med Oppvekstgruppa – sjølv handlingsplanen	Kultur, oppvekstgruppa	
15.05.2024	Saksutkast til rådmann	Kultur	
07.06.2024	Formannskapet handsamar framlegg om ny ruspolitisk handlingsplan, planen vert lagt på høyring		Høyringsfrist 6 veker
August/september 2024	Sak i kommunestyret	Kultur	

1.3 Lovgrunnlag for planen

- Lov om omsetjing av alkoholholdig drikk (alkohollova) av 02. juni 1989 nr. 27
- Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften) av 01. januar 2006
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 01.01.2024
- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) av 01.01.2024
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m (helse- og omsorgstjenesteloven) av 01.01.2024
- Lov om barnevern (barnevernloven) av 18. Juni 2021 nr. 97
- Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (psykisk helsevernloven) av 01.

januar 2002

- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtjenesteloven) av 01. 07. 2023

- Lov om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetslove) av 01.01 2024 nr. 30

Andre sentrale føringar:

▪ Meld. St. 30 (2011–2012) Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk – Alkohol, narkotika, doping

▪ Prop. 15 S (2015–2016) Opptappingsplanen for rusfeltet (2016–2020)

Det er gjennom alkohollova politiske myndigheter har høve til å uttøva direkte innflytelse på bruk av rusmidlar. Alkohollova sitt utgangspunkt er at all bruk av alkohol kan medføre skade for samfunn og individ. Lova skal bidra til å sikra at skadeverknadane av alkoholbruk vert så små som mogeleg – dels ved å avgrensa tilgjenge, dels ved at omsetningsforma er kontrollert.

Dei andre lovverka klargjer ulike forvaltingsnivå sitt faglege ansvar for førebyggjande arbeid, arbeid med personar i risiko for utvikling av rusproblem og rusavhengige personar både når det gjeld helsemessige og sosiale tiltak.

2. Uttalar og skildring av rusmiddelsituasjonen i Eidfjord

Statistikk og brukarundersøkingar er viktige verktøy for å kartleggje og skape seg oversikt over situasjonen i eit samfunn. I dette kapitlet freistar me å gjere greie for rusmiddelsituasjonen i Noreg generelt og Eidfjord kommune spesielt. Ein slik status av situasjonen er naudsynt, og særskilt situasjonen lokalt er naudsynt for å sjå kvar ein må setje inn verkemiddel og kva verkemiddel ein må ta i bruk. Her må ein arbeida for å finna dei gode felles førebyggjande tiltaka men likevel ikkje gløyme oppfylgging av den enkelte. Dette er like viktig innan førebygging som innan behandling, rehabilitering og omsorgstiltak.

2.1 Rusmiddelsituasjonen i Noreg

Kjelder i dette kapitlet:

- Statistisk sentralbyrå
- Folkehelseinstituttet
- Helsedirektoratet

Totalomsetjinga av alkohol i Norge auka frå midten av 1990-talet og fram til 2008. Etter 2008 har den registrerte omsetnaden falt til rundt 6 liter pr. innbyggjar i åra frem til koronapandemien 2020–2021. Den største reduksjonen er i omsetnad av brennevin.

Samanlikna med dei nordiske landa og resten av Europa er omsetnaden av alkohol i Norge låg.

Talet på salsstadar for gruppe 1 i Norge har vist ein svak nedgang sidan midten av 1980-talet, medan talet på utsalsstadar for Vinmonopolet har meir enn dobla seg dei siste 20 åra.

Ser ein på skjenkeløyver har desse tredobla seg dei siste 30 åra, og det er no om lag 8.000 skjenkestader med kommunalt løyve (FHI, 2019). Talet på skjenkestadar ser ut til å ha stabilisert seg dei seinare åra.


Når det gjeld narkotika er det få 15-16 åringar i Norge som har brukt cannabis samanlikna med resten av Europa (FHI, 2020). Andelen som har brukt cannabis har vore stabil dei seinaste 20 åra. Om lag 5 prosent av befolkninga mellom 16 og 64 år opplyser at dei har brukt cannabis siste 12 månader, medan 2,3% rapporterer bruk siste 4 veker. Dei fleste av desse er mellom 16 og 34 år

Andelen menn som drikk kvar veke har gått litt ned dei siste to åra, frå 41 til 37 prosent, mens kvinneandelen har auka svakt det siste året, frå 28 til 31 prosent. Framtidige undersøkingar vil gi svar på om dette berre er tilfeldige svingingar eller ein meir vedvarande trend.

Bruk av alkohol blant ungdom

Data frå den europeiske skuleundersøkinga «European School Project on Alcohol and other Drugs» (ESPAD) viser at det i perioden 1999–2015 (prosjektet avslutta i 2020) var ein nedgang i 15–16-åringar sin bruk av alkohol. Den nedgåande trenden i alkoholbruk blant ungdom etter årtusenskiftet har flata ut i perioden 2015–2019. Om lag 50 % av norske 15–16-åringar har drukke alkohol det siste året, og éin av fem seier at dei har vore vært fulle (FHI, 2020)

- Det var ein nedgang både i talet som har drukke alkohol éin eller fleire gonger, dei siste 12 månadene og dei siste 30 dagane (FHI, 2017).
- Også for høgkonsumsituasjonar (det å ha drukke fem eller fleire alkoholeiningar ved same høve) dei siste 30 dagane har det vore ein nedgang fram til 2015.
- Det var gjennomgåande liten eller ingen forskjell mellom jenter og gutar når det gjaldt desse måla på alkoholbruk.



Narkotika

Data om narkotikabruk i befolkninga blir henta frå spørjeundersøkingar som blir gjennomførte årleg av Folkehelseinstituttet i samarbeid med Statistisk sentralbyrå, og den europeiske skuleundersøkinga ESPAD. Også beslagsstatistikk frå Kripos, som inneheld både toll- og politibeslag, samt ulike studiar bidreg med kunnskap, sjå oppgitte referansar.

- Cannabis er det mest brukte ulovlege rusmiddelet i den norske befolkninga.
- Kokain er det nest mest brukte rusmiddelet, etterfølgt av ecstasy/MDMA og amfetaminar. Dette viser både undersøkingar i den generelle befolkninga og i utelivsbransjen.
- Det har truleg vore ein auke i bruken av ecstasy/MDMA dei siste åra, noko som blir underbygd av ein auke i talet på beslag.

I forhold til andre land har Noreg fram til midten av 90-talet vore prega av at det har vore ein mindre del av befolkninga som har problem knytt til stoffmisbruk. Trendera den siste tida har derimot vore prega av ei tydeleg auke av problem som fylgje av narkotikamisbruk. Skulda for dette er i stor grad at tilgjenge har vorte mykje lettare enn tidlegare. Dette vert igjen kobla opp mot globale utviklingstrekk der produksjon og smugling aukar flyten over landegrensene.

I fylgje tall frå Reseptregisteret har antall peronar i LAR-behandling (legemiddelattestert rehabilitering) auka frå 5000 i 2008 til 7500 i 2013. Denne behandlinga vert tilbydd personar som er avhengig av heroin eller andre opioder. Aukinga av pasientar i LAR-tiltak kan vera eit uttrykk for at det er enklare å koma inn i behandling, og at terskelen for utskriving har auka.

2.2 Rusmiddelsituasjonen i Eidfjord

Det vil alltid være utfordrande å gje ei presis skildring av rusmiddelsituasjonen i ein kommune på eit gitt tidspunkt då statistikk på lokalt nivå er uviss. SIRUS (Statens institutt for rusmiddelforskning) har ikkje tal som viser forbruket i den enkelte kommune.

Eidfjord kommune har eit lågt folketal og kan ikkje syne til handfaste tal innan rusrelatert aktivitet. Det kommunale arbeidet omfattar førebygging, kartlegging og utredning for behandling og rehabilitering samt oppfølging av den enkelte i legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Russituasjonen og skjenkepolitikk i nabokommunar så vel som vår eigen vil ha ein påverknad på rusmiddelssituasjonen i kommunen vår. Eidfjord kommunen nyttar ikkje brukarplan som er ei kartlegging av mottakarar av kommunale tenester innan rus då brukargruppa av tenesta er låg.

Fokus på å koma tidleg inn og/eller fange opp faresignaler på rusmiddelsituasjon kan auke sjansane for å lukkast betre i dette arbeidet. Eit ledd i dette arbeidet er tverrfagleg samarbeid som faste møter i oppvekstgruppa. Oppvekstgruppa består av medlemmar frå skule, helsestasjon, psykiatri, barnevern, politi, NAV og kultur.

Tidleg intervensjon og tverrfagleg samarbeid vil kunne spare einskildpersonar, familiar og samfunnet for store belastningar seinare. Dei ulike hjelpetenestene i kommune har saman med politiet eit felles ansvar for å avdekka og intervensjon når ein oppdagar rusproblem.

2.3 Ungdata

Ungdata er eit spørjeskjemabasert verktøy som gjer eit breitt bilete av korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Denne rapporten presenterer hovudresultata frå ungdatabundersøkinga som blei gjennomført blant ungdomsskuleelevar i Eidfjord kommune i 2015, 2017 og 2021, og no gjennomført for året 2023. Samanlikna med andre nabokommunar og landssnittet svara ungdommen i Eidfjord kommune at det er mykje dei er nøgde med. Trendera syner likevel at ungdommen ikkje opplever å ha det like godt som ved sist undersøking. Om ein samanliknar med andre kommunar er ikkje dette noko urovekkande, men det er ei utvikling me ikkje ynskjer skal halda fram

Ungdata er eit kvalitetsikra system for gjennomføring av lokale spørjeundersøkingar. NOVA og dei regionale kompetansesentera for rusfeltet (KoRus) har det faglege ansvaret for undersøkingane, medan kommunane står for den praktiske gjennomføringa.

i 2023 var det totalt 30 elevar som svara på Ungdata undersøkinga. Her ser ein at generelt når det kjem til alkohol og rusmiddel at det er svært gode tal for Eidfjord kommune. 60% av ungdommane har aldri smakt alkohol, og viss ein tek med dei som har smakt nokon få gongar er prosenten på nærare 90%. Samanliknar ein med tala frå 2021, låg denne prosenten på 72%. Det er under 10 % av ungdommane oppgjer at dei har dei siste 12 månadane drukket så mykje at dei har følt seg berusa 1-5 gongar, dette er ein nedgang frå i 2021 der det låg på 20%. Det er ingen av ungdommane som oppgjer at dei har nytta hasj /marihuana, heller ikkje andre narkotiske stoffer. Det er om lag 5 % som oppgjer at dei har vorte tilbudt hasj/marihuana det siste året.

Ungdom som er ferdig på Lægreid skule (16 – 18 år) har ikkje delteke i Ungdata, dette fordi dei har byrja på vidaregåande skular i andre kommunar. Oppvekstgruppa har drøfta korleis

ein skulle gått fram for å gjennomføre ei slik undersøking då dette kunne vore veldig relevante tal å fått med seg i forhold til førebygging og å fange opp negative tendensar i startgropa. Det ville vera meir nyttig å gjennomføre undersøkinga på hausten slik at ein framleis har tid til å setje inn tiltak før dei byrjar på vidaregåande skule.

2.4 Statistikk, omsetjingstal og tal på skjenkebevillingar

Omsetjingstal for 2023 fordeler seg slik:

Sal av alkohol gruppe 1 (4 salgstadar)	78 179
Skjenking av alkohol gruppe 1 (20 skjenkeløyver)	21 902
Skjenking av alkohol gruppe 2 (20 skjenkeløyver)	6 316
Skjenking alkoholgruppe 3	404

Nøkkeltal for 2023

Salstadar	4
Skjenkeløyver «4 års løyver»	20
Skjenkestadar	20
Skjenkeløyver einskidløyver	5

Statistikken i forhold til folkehelsa (folkehelseinstituttets folkehelseprofil for Eidfjord) er dessverre mangelfulle og gir ikkje mange tall i forhold til fokuset i denne planen. Når det gjeld psykiske lidningar og psykiske symptom ligg kommunen signifikant betre enn landsgjennomsnittet. Rusmiddelproblem er ikkje representert med tall for Eidfjord i denne oversikta.

2.5 Uttalar

Oppvekstgruppa v. førebyggingskoordinator Kari Læg Reid

Oppvekstgruppa består av medlemmer som har jamnleg kontakt med born og unge i Eidfjord. På våre møter drøftar me kva som rører seg blant dei unge, kva tiltak me har i gang og kva tiltak som eventuelt burde setjast i gang.

Oppvekstgruppa ser og opplever at ungdommane i Eidfjord har det veldig godt. Det er mange varierte tilbod dei kan delta på. Oppvekstgruppa ynskjer at det er 18 års grense der det vert servert alkohol. Når det gjeld andre rusmidlar enn alkohol har me ikkje inntrykk av at det er mykje narkotikabruk blant ungdom i Eidfjord, men me er klar over at det finnes og er mogleg å få tak i innan kommunen.

Me ser at trenden elles i samfunnet og via opplysingar i Ungdata undersøkinga her i Eidfjord, er at ungdom slit psykisk, spesielt unge jenter. Me meiner difor det er viktig å oppretthalde gode tilbod som skaper samhandling og øving i sosial kompetanse. Ungdom i Eidfjord reiser vekk på vidaregåande skule etter ungdomskulen, dei fleste reiser til Kvam eller Voss. Mange

av dei som går på skule på Voss bur heime og pendlar kvar dag, det har vore ein auke av denne aldersgruppa som fortsetjer å vitja fritidsklubben, dette er svært positivt.

Voss lensmannsdistrikt v. politioverbetjent Bjørn Inge Aarsand:

Til del 2.2 og 4 av planen – Rusmiddelsituasjonen i Eidfjord og førebygging, ynskjer me å spele inn at statistikk for Eidfjord er stabil, låg og at det som vert omtala av nasjonale trendar og utfordringar, i liten grad er å finne i Eidfjord. I dette ligg ei vurdering av at tal saker der ulike rusmiddel, lovlege og ulovlege, ikkje har nokon auke – eller fører mykje arbeide med seg. Dei verksemder som sel og/eller skjenker alkohol gjer slik me opplever og observerer dette i medhald av Alkohollova og Serveringslova. Få eller ingen operative oppdrag knytt til berusa kundar eller gjester.

Politiet v/Politikontakt eller fagperson på ulike saksfelt, deltek i tverrfaglege møter og på andre arenaer, der me kan og ville teke opp utfordringar. Me har tett og god dialog med Skjenkekontrollen. I eit førebyggjande perspektiv er Politiet generelt restriktive kva gjeld vakthald – og opning utover planen sine tider.

Me vil vidare anføre at me frå Politiet si side ser at der i kommunane/herada i politistasjonsdistriktet er noko ulikt regelverk – og krav sett til aktørane. Alt innanfor føresegner og lover. Vårt ynskje er ei harmonisering i høve skjenketider, krav til vakthald og sanksjonar. Dette slik at alle kan førehalde seg til likt regelsett; Kundar, verksemder, kommunar/herad, Politiet, Skjenkekontroll og andre eksterne aktørar. Me ser at det er gode grunnar til differensiering, og at dette bør gjerast. Kommunane har sine egne utfordringar og ulikt oppbygde aktørar å ta omsyn til.

Eg kan i stor grad gjenta mi avslutning frå uttale til forrige plan. Med vedlegg/tilråding over. Politiet møter i Eidfjord berre aktørar som samarbeider – og bidreg til at kommunen er ein trygg oppvekst- og bustad. Det vert frå mange kommunale og eksterne aktørar gjort svært godt førebyggjande arbeide – som får vår honnør.

Uttale frå skjenkekontrollen i Hardanger v. Nils Anders Bolstad

Skjenkekontrollen gjennomførte 12 kontrollar av salsløyve og 67 kontrollar med skjenkeløyve. Totalt 79 kontrollar i 2023. Skjenkekontrollen har over tid praktisert dialog og rettleiing framfor rapportering av brot på alkohollova / alkoholforskrifta.

I 2023 har me hatt særleg fokus på dokumentering av internkontroll alkohol. Kontrollørane har drive rettleiing ved manglar på internkontrollen, men skrive rapport dersom tilhøva ikkje er retta opp ved andre gongs kontroll.

Det vart i 2023 skrive 2 tillegg rapportar grunna manglande dokumentasjon av internkontroll alkohol. Det er ikkje skrive rapportar på overskjenking, eller andre brot i 2023.

Me opplever at næringa tek sitt ansvar seriøst, og samarbeida godt med sals- og skjenkekontrollen.

Rettleiing vert gjeve der kontrollørane får spørsmål, ser avvik av mindre alvorleg karakter, eller ynskjer å gje innspel til løyvehavar.

Eidfjord skil seg ikkje ut frå dei andre kommunane me har kontroll i.

Uttale frå NAV v. sosialeiar Jarand Høyenes Lekve

NAV Eidfjord erfarer ikkje at det er ein urovekkjande rusproblematikk i kommunen. For å førebyggja og identifisera rusproblem, har NAV Eidfjord kartleggingssamtalar i førstegongssamtale med nye brukarar. Kartleggingsskjemaet inneheld spørsmål om psykisk helse, bruk av rusmiddel, tidlegare kontakt med helsevesenet, og om vedkommande har ansvar for barn.

NAV har ei rekkje tilbod og tiltak for å hjelpa personar med psykiske helse- eller rusproblem, som slit i forhold til arbeidslivet. Når det gjeld økonomiske problem har NAV eit særlege ansvar for å førebyggje sosial ulikskap. Som førebyggjande tiltak kan NAV bidra økonomisk for å sikra at barn og unge får mogleik for fritidsaktivitet, utstyr og sosial deltaking.

NAV Eidfjord dekkjer eigenandelen til LAR-pasientar. Målet med LAR er at kvar enkelt pasient under rusbehandling skal oppnå best mogleg helse, meistringsevne og livskvalitet. NAV Eidfjord ynskjer å støtta pasientane i denne prosessen ved å dekkja eigenandelen deira.

NAV sosial implementerer ICDP-kurs for deltakarar i introduksjonsprogram. ICDP har som mål å styrkja omsorga og oppveksten for barn og unge – ved å støtta foreldre og andre omsorgsgivarar i omsorgsrolla deira. Metoden skaper refleksjonar rundt verdival og eigen integreringsprosess, og fungerer som eit førebyggjande tiltak.

Loverket pålegg sosialtenesta ei særskild plikt å fylgje med i utviklinga på ulike sosiale område i kommunen. NAV sosialtenesta er oppteken av å ha eit førebyggjande perspektiv på rusmiddelsituasjonen. Eit ledd i dette er tverrfagleg samarbeid. NAV sosialtenesta deltek fast i oppvekstgruppa i kommunen.

Uttale frå helseininga v. helsesjukepleiar Anne Myklatun

Har ikkje tilbakemelding om festing blant dei unge. Ungdomsklubben er open to kveldar i veka og er eit godt tilbod til dei unge. Helsesjukepleiar har vert på klubben ein måndag i månaden og dei unge møter opp og har aktivitetar i lag. Har heller ikkje inntrykk av at det er mange som har brukt alkohol blant dei yngste ungdomskule elevane, men det er nokon som seier at dei har smakt det.

Har vert ein del utfordringar med gutane på ungdomskulen og det har vert arranger eit felles møte i regi av skulen og det ser ut til at det har hjelpt. Har fått tilbakemelding av elevar at det er betre no.

Uttale frå Lægreid skule v. rektor Anne Underdal

Førebyggjande arbeid og kunnskap om tobakk og rusmiddel er del av kompetansemål i fag på skulen, og det haldningsskapande arbeidet ein driv med. Elevrådet vert trekt inn i det haldningsskapande arbeidet.

FRI er eit undervisningsverktøy for ungdomsskulen som er utarbeidd av Helsedirektoratet. Alle elevar kan skrive under på kontrakt om å vere røyk- og snusfri, og er med på leksjonar og trekning om flotte premiar kvart år. Vår erfaring er at elevane tek dette på alvor, og at det motverkar bruk av tobakk og snus.

Folkehelse og livsmeistring er tverrfagleg tema i fagfornyinga i skulen frå hausten 2020. Det skal gi elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir høve til å ta ansvarlege livsval. I barne- og ungdomsåra er utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet særleg avgjerande.

Hausten 2023 starta Lægreid skule opp med livsmeistringsprogrammet «Drømmeskolen», for elevar på ungdomstrinnet. Drømmeskolen lagar ei ramme for arbeidet med dei overordna læreplanane og folkehelse og livsmeistring.

Eit samfunn som legg til rette for gode helseval hos den enkelte, har stor betydning for folkehelsa. Livsmeistring dreier seg om å kunne forstå og å kunne påverke faktorar som har betydning for meistring av eige liv. Temaet skal bidra til at elevane lærer å handtere medgang og motgang og personlege og praktiske utfordringar på ein best mogleg måte. Aktuelle område innanfor temaet er fysisk og psykisk helse, levevanar, seksualitet og kjønn, rusmiddel, mediebruk, og forbruk og personleg økonomi. Verdival og betydninga av mening i livet, mellommenneskelege relasjonar, å kunne setje grenser og respektere andre sine, og å kunne handtere tankar, kjensler og relasjonar høyrer òg heime under dette temaet. Lægreid skule deltek på rusmiddelundersøkingar som er initiert på kommunalt nivå. Vi har m.a. delteke på undersøkinga Ungdata fleire gonger.

Skulen har opplevd få vanskar med rusmiddel dei seinare åra. Verken alkohol, tobakk eller snus er registrert blant elevar i skuletida på fleire år. Vi arrangerer rusfritt vinterball, og har ikkje hatt vanskar med elevar om å overhalde reglane. Vi vil halde fram å ha helsedag kvart 3. år og ha arrangement med ekstern foredragshaldar i samarbeid med Oppvekstgruppa retta mot foreldre og elevar.

Eidfjord kommune er med i eit samhandlingsprosjekt for å styrke samarbeidet om helsetenestene mellom BUP Voss og kommunane Eidfjord, Vaksdal, Kvam, Voss og Ulvik.

Psykisk helseplagar blant barn og unge vert rapportert av mange kommunar å vere den største utfordringa i folkehelse- og førebyggingsarbeidet. Det er etterspurt gode verktøy for å jobbe systematisk med å skape helsefremjande oppvekstmiljø for alle barn og unge. Prosjektet er ein del av ei regional satsing på Vestlandet som er kalla «**Barn og unges helseteneste**» og har som mål å sikre betre tenester for barn og unge med psykiske helseplagar.

Våren 2024 har kommunen fått prosjektmidlar til psykiatrisk sjukepleiar i 50 % stilling. Det skal utarbeidast ein plan for korleis ressursane skal nyttast inn mot elevane på skulen. Me ønskjer å nytte den kompetansen inn i det førebyggande arbeidet mot psykiske helseplagar for born og unge.

Samarbeidet på tvers av einingane er viktig i førebyggande arbeid, og det å ha kunnskap om ungdomsmiljøet. Skulen har opparbeidd seg eit godt kontaktnett i regionen, der det er låg terskel for å ta kontakt. Me har godt samarbeid med relevante einingar/fagfolk som har fokus på barn og unge sine oppvekstvilkår. Samarbeidet med førebyggande eining i politiet er svært god, det er «kort veg inn», og dei stiller på møter med føresette og ungdommane på førespurnad.

Dette gjer at førebyggande arbeid går betre på skulen.

3. Ruspolitiske mål og strategiar

3.1 Nasjonale mål og strategiar

Dei ruspolitiske måla nasjonalt er beskrive i St. meld.nr. 30 «Se meg» og skildrar blant anna:

- Redusera tilgjenge til alkohol
- Redusera etterspurnaden etter rusmidlar
- Førebyggjing og tidleg innsats
- Samhandling – tenester som arbeidar betre saman
- Auka kompetanse og betre kvalitet
- Hjelp til tunge avhengige
- Innsats for pårørande mot passiv drikking

3.2 Eidfjord kommune sine mål og strategiar

Strategi og mål for kommunen er jamfør samfunnsdelen av kommuneplan for Eidfjord kommune 2015-2027

« Innbyggjarar som trivst og realiserer det gode liv i Eidfjord vert stolte over staden og kommunen dei kjem frå. Dei bidreg til å skapa livskraftige samfunn og er dei beste ambassadørar for bygda vår. Opplivinga av livskvalitet vert styrkt gjennom å gjera livet forståeleg, meiningsfullt og lett å handtera. Særleg for born og unge er dette viktige moment for å kunna trivast og blomstra i Eidfjord. Det skal ei heil bygd til for å oppdra eit born (Sitat henta frå Nordlandsforskning rap. Nr. 3/2003). Det fortel at me alle er medansvarleg for at born og unge får ein god oppvekst. Eidfjord har mange føresetnadar for å leggja til rette for dette. Ein god utbygd barnehage og skule med SFO, varm skulemat og gratis kulturskule er viktige bidrag for å gje ein god oppvekst til den neste generasjonen. Eidfjord ser verdien av å oppretthalda og styrkja dei gode tenestetilboda som i dag gjev gode oppvekstvilkår.» Samfunnsdel kommuneplan for Eidfjord kommune 2015-2027

Mål:

- Leggja til rette for friluftsliv
- Ha fleire tiltak som fremmar fysisk aktivitet
- Ha eit mangfald av aktivitetstilbod til alle aldersgrupper
- Ha naudsynt kompetanse innanfor helse og omsorg
- Ha gode tenestetilbod til mottakarar med komplisert og samansett tenestetrong
- Ha aktive innbyggjarar som har fokus på eiga helse
- Ha gode oppvekstvilkår for born og unge i Eidfjord
- Ha trygge oppvekst og bumiljø

Strategi:

- Sørge for at dei eksisterande offentlege tilboda som fremjar trivsel, fellesskapskjensle og framtidig bulyst, vert oppretthaldne og forsterka
- Ha tett samarbeid med lag og organisasjonar som tek initiativ til aktivitetar knytt til barn og unge
- Leggja til rette for aktiv fritid
- Gjennomføra Ruspolitisk handlingsplan og rullera den fortløpande
- Ha kulturtilbod som gjev auka livskvalitet og stimulerer alle sansar

Ruspolitiske målsetjingar for Eidfjord kommune:

I ruspolitisk handlingsplan 2020 - 2024 var fylgjande ruspolitiske målsetjingar formulert for Eidfjord kommune, desse er fortsatt gjeldande i dag (2024):

- Ha gode førebyggjande tiltak gjennom tiltaksplanen
- Born, unge og vaksne som er berørt av alkohol- og rusmiddelbruk skal få tilbod om hjelp

- Personar som står i fare for å utvikla rusmiddelproblem skal få hjelp på eit tidlegast mogeleg tidspunkt
- Kommunen skal ha ein ansvarleg alkoholpolitikk
- Arbeida for å heva debutalderen for bruk av alkohol
- Gjennomføra haldningskapande arbeid i forhold til alkohol og narkotika
- Driva med opplysningsarbeid for å bidra til å endra skadelege drikkemønster og auka oppslutninga til alkoholfrie soner (under graviditet, i trafikken, i samvær med born og unge, i arbeidslivet og i organisert fritid)

4. Førebygging

Førebygging er eit sentralt begrep innan rusarbeid. Det kan vera komplisert å vita kva som er førebyggjande og kva som ikkje er førebyggjande tiltak. Det er heller ikkje lett å måla effekten av det førebyggjande arbeidet. Det ein likevel veit er:

- Dess tidlegare førebygginga startar, dess betre resultat kan ein forvente
- Førebygging må forståast som ein kontinuerlig prosess
- Kunnskap er ikkje nok for dei mest risikoutsette. Førebyggjande tiltak må også innehalde trening av sosiale ferdigheiter
- Førebyggjande tiltak må utformast og tilpassast målgruppa

Hovudfokuset på førebyggjande tiltak i denne planen er i hovudsak retta mot born og unge, deira føresette og andre vaksne rollemodellar. Born og unge er sentrale målgrupper for folkehelsearbeidet, då mykje av grunnlaget for seinare helse og helsevanar vert lagt tidleg i livsløpet. Foreldra har ansvar for at borna får sine omsorgsbehov dekkja. Samfunnet skal i nært samarbeid leggja til rette for å suplera foreldrene sin innsats. Å førebygga utviklinga av helseproblem knytta til rusadferd, gjeld ikkje berre barn og unge. Det vil i stor grad også omfatta dei vaksne sin omgang med, haldning til og bruken av alkohol og andre rusmidlar.

Nokre born og unge er særskilt utsette for å utvikla eit rusproblem. Dette gjeld mellom anna born av foreldre som sjølv har eit rusmiddelproblem og /eller psykiske lidningar, og born som har vore utsette for vald og traumatiske opplevingar. Stigmatisering med å peika ut risikogrupper må likevel unngåast, også personar som som ikkje høyrer til risikogrupper kan utvikla rusmiddelproblem. Omgrepet risikogrupper må berre brukast som hjelp til å utarbeida gode førebyggingsstrategiar. Ein må og hugsa at ingen faktor åleine kan forklara utviklinga av eit rusproblem. Generelt sett er trygge oppvekstvilkår grunnleggjande i høve til å førebyggja vanskar seinare i livet. Personar som slit med problem knytt til rus, har og ofte problem knytt til psykisk helse.

Bergensklinikkane har konkludert i si ungdomsundersøking at ein må gje fritidstilbod som er interessante for ungdom generellt, og for dei som fell utanfor "normaltilboda" spesielt. Eidfjord har lenge vore gode på å ha mange tilbod til barn og ungdom, men det er viktig å ikkje lena seg tilbake men stadig vera på hugget etter å utvikla nye tiltak og kvalitetsikra

eksisterande. Å ha eit godt fungerande lokalsamfunn er og i seg sjølv førebyggjande i høve rusbruk. Haldningsskapande arbeid, rusfrie arrangement og tverrfagleg samarbeid er og viktig i det førebyggjande arbeid.

4.1 Førebyggjande tiltak – handlingsplan

Aktør	Tiltak/aktivitet	Frekvens
Kommunestyret	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Vedtek rusmiddelpolitisk handlingsplan for kvar kommunestyreperiode ✓ Behandlar kommunen sine løyveordningar for sal og skjenking ✓ Vedtek budsjett og økonomiplanar som set rammer for arbeidet 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kwart 4. år ✓ Kwart 4. år samt etter søknad ✓ Årleg
Rådmann	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Overordna ansvar for å sikra gode samarbeidsrutinar ✓ Kurs og kompetanseheving for tilsette innan rusførebyggjande arbeid 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kontinuerlig ✓ Kontinuerlig
Oppvekstgruppa	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Jamnlege møter der ein diskuterer situasjonen i kommunen og set i gang tiltak ✓ Førebyggjande møter for føresette, ungdom og føresette i barnehagen (barnevakten, helsedag o.l) i samarbeid med skule og barnehage ✓ Førebyggjande møter om rus for ungdom i samarbeid med politiet ✓ Bidra til felles arrangement 16. mai med nabokommunane 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ 4 møter i året ✓ Årleg ✓ Årleg (vår) (Går ut grunna bemaningsutfordring) ✓ Årleg
Kultur	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Fritidsklubb for ungdom 13 – 18 år ✓ Ungdomsråd ✓ Babysymjing ✓ Styrketrening for ungdom ✓ Syta for at frivillige organisasjonar har gode rammebetingelsar 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Årleg, fylgjer skuleruta ✓ Kontinuerlig ✓ Minimum 2 kurs pr. år ✓ Årleg (oktober-april) ✓ Kontinuerlig
Helse	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Helsestasjon ✓ Skulehelsetenesta ✓ Støttesamtalar v. psykiatrisk sjukepleiar ✓ Trening med fysioterapitenesta 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kontinuerlig ✓ Kontinuerlig ✓ Etter behov ✓ Kontinuerlig
NAV	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Støtte lag/treningskontakter/ressurspersonar ✓ Tilby rehabilitering ✓ Oppfylgjing etter rehabilitering ✓ Leggja til rette for betre bustadtilhøve, verna arbeidsplass og meir tid til meningsfull fritid ✓ Oppfylgjing av arbeidsledige med spesielt fokus på unge arbeidsledige 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Etter søknad ✓ Etter søknad ✓ Etter behov ✓ Etter behov ✓ Etter behov
Skule	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Ulike førebyggjande program som t.d 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kontinuerlig

	<ul style="list-style-type: none"> «Zippys venner» 1 – 4 kl «Passport» 5 – 7 kl «Det er mitt val» 5 – 10 kl «Trivselsprogrammet» 4 – 10 kl ✓ Delta i Ungdata undersøking ✓ Gratis kulturskule ✓ Gratis offentlig bading for born og vaksne 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Årleg ✓ Kvart 3. år ✓ Fylgjer skuleruta ✓ Fylgjer skuleruta
Barnevernstenesta	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Formål: Skal bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kontinuerlig
Politi	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Politiråd saman med formannskap og oppvekstgruppa ✓ Informasjonsarbeid 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ 1-2 møter i året
Hardanger og Voss skjenkekontroll	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Fylgje opp og kontrollere sals- og skjenkestadar 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Kontinuerlig
Tverrfaglege samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Tverrfagleg gruppe bestående av skule, barnehage, barnevern, PPT, helse og NAV ved behov ✓ Oppvekstgruppa bestående av skule, helse, kultur, barnevern, politi og nav ✓ Konsultasjonsteam bestående av barnevern, helseteneste, politi, barnevern, familiekontoret og krisesenter Vest ✓ LAR team bestående av helse, nav og Bergensklinikkane ✓ Interkommunal gruppe, underutval barn og unges psykiske helse Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss og Vaksdal ✓ Barn og unges helseteneste, prosjekt saman med Voss, Ulvik, Kvam og Vaksdal 	<ul style="list-style-type: none"> ✓ 6 møter i året ✓ 4 møter i året ✓ Møter kvar måned
Andre	<ul style="list-style-type: none"> ✓ Frivillige lag og organisasjonar tilbyr sosiale arenar og meningsfull fritid ✓ Førebyggjande arbeid gjennom kyrkja 	

4.2 Ansvarleggjering av foreldre og besteforeldre som gode rollemodellar

Ungdata samt trender i tida generellt syner at fleire foreldre treng bevisstgjerung om deira rolle som modellar for sine born, og råd/tips om korleis dei kan stå fram som tydelege vaksne. Dette gjeld spesielt i forhold til dei unge sin omgang med alkohol. Samstundes kjem det stadig signal frå media, skular og barnehagar at fleire og fleire foreldre slit med å setja grenser for sine born. Det er også ein aukande trend i samfunnet at ein del besteforeldre drikk for mykje medan dei har omgang med barnebarn. Dette er tema som er naturleg å ta opp i samband med småbornsundersøking på helsestasjonen. Når det kjem til større elevar

er det ikkje eit naturleg forum for dette. Oppvekstgruppa kan dra temaet inn i sine førebyggjande møter for føresette.

4.3 Kartleggingar

Det vart gjennomført ei Ungdata undersøking på Lægreid skule våren 2017 og i 2021. Det er no gjennomført ei ny undersøking i 2023, der tala kom no i mai. Lægreid skule gjennomfører i tillegg elevundersøkingar årleg.

Aldersgruppa 16 – 20 år har kommunen ingen eigne tall på, her er det gjennomført ungdomsundersøking på vidaregåande men desse kan ikkje førast tilbake til Eidfjord. Det er mange ungdommar i Eidfjord som bur heime medan dei går på vidaregåande og desse har også krav på oppfylgjing og ei meningsfull fritid.

4.4 Rus og arbeidsliv

Arbeidsmiljølova og internkontrollforskrifta gjev arbeidsgjevarar og arbeidstakarar ei plikt til å arbeida systematisk for å sikra og forbedra helse, miljø og sikkerheit i si tenesta. Arbeidet som dreiar seg om rusmiddelrelaterte problemstillingar er ein del av dette arbeidet. Det er viktig for bedriftene å arbeida systematisk i forhold til rusmiddelkulturen for å kunna førebygga og begrensa skadene av rusmiddelbruk.

Nesten 90% av den vaksne befolkninga er frå tid til annan brukarar av alkohol. Dei aller fleste er i arbeidslivet. Arbeidsplassane er difor ein svært viktig arena for å skapa gode haldningar til bruk av alkohol. Det er også viktig at arbeidsplassane har gode systemfor å fange opp dei som har fått eit problematisk forhold til alkohol og har behov for bistand for å skapa endring.

5. Gjennomføring og rullering av ruspolitisk handlingsplan

5.1 Gjennomføring

Eidfjord kommune sin ruspolitiske handlingsplan skal fylgjast opp av samtlege einingar som vert omfatta av handlingsplanen. Oppvekstgruppa har i hovudsak ansvar for ein stor del av det førebyggjande arbeidet i forhold til born og unge og vil årleg gå gjennom planen og syta for at dei tiltak dei har ansvar for vert gjennomført.

Kommunen fattar sjølv vedtak i saker om alminnelege skjenkebevillingar, medan saker om bevilling for einskildløyver er delegert til Rådmann. Skjenkekontrolloppgåvene er sett bort til skjenkekontrollen i Kvam.

5.2. Økonomi

Dei fleste tiltaka i denne planen kan gjennomførast innanfor dei økonomiske rammene som er lagt i dag. Dei aktuelle etatane må gjennomføra tiltaka gjennom eiga verksemd/eige budsjett.

Oppvekstgruppa ynskjer at inntekter frå sals- og skjenkeløyve skal setjast av og nyttast til førebyggjande tiltak for barn og unge.

Tilskot til felles arrangement 16. mai bør leggjast inn som eit fast spleiselag mellom NAV/sosial og kultur/ungdomsrådet slik at det er kontinuitet i dette.

5.3 Rullering

Planen skal rullerast innan utgangen av kvar bevillingsperiode (kommunestyreperiode). Neste rullering vert difor innan 1. juni 2028. Rådmann har ansvar for å peike ut ei ny arbeidsgruppe innan 31. desember 2027.

6. Alkoholpolitikk

Alkohollova set rammene for korleis alkoholpolitikken skal forvaltast. Den regulerer tilgjenge av alkoholhaldig drikk blant anna gjennom bevillingssystemet, ved fastsetting av vilkår for korleis sal og skjenking skal skje, samt kontroll med at vilkåra vert overhaldne. Lova inneheld også reglar som tek sikte på å påverka etterspurnad, som for eksempel forbod mot reklame. Lova gjev og kommunen stor fridom og stort ansvar til å utforma sin eigen lokale politikk som vert nedskrive i ruspolitisk handlingsplan.

Eidfjord kommune har i tillegg til ruspolitisk handlingsplan vedteke eigen lokal forskrift for servering, sal og skjenking av alkoholhaldig drikk. Forskrifta har som føremål å regulera servering, sal og skjenking av alkoholhaldig drikk i Eidfjord kommune.

Forskrifta gjeld for kommunal bevilling eller løyve til servering, sal eller skjenking av alkoholhaldig drikk i Eidfjord kommune.

Alkoholgrupper:

Alkoholhaldig drikk vert inndelt etter alkoholinnhald:

- Gruppe 1: med over 2,5 og høgaste 4,7 volumprosent alkohol (i hovudsak øl)
- Gruppe 2: med over 4,7 og høgast 22 volumprosent alkohol (i hovudsak vin)
- Gruppe 3: drikk med mellom 22 og 60 volumprosent alkohol (brennevin)

Gebyr:

All sal og skjenking av alkoholhaldig drikk mot vederlag krev løyve. Alle innehavarar av sals- og skjenkeløyve skal årleg levera rapport om omsetnad av alkohol til kommunen. Når rapportane er mottekne av kommunen vert gebyr rekna ut og krav sendt ut til den einskilde sals- og skjenkestad.

Bevillingsgebyret vert fastsett ihht. departementets forskrift om gebyrsatsar og innbetaling av gebyr. (Alkohollova § 7-1 og alkoholforskrifta §§ 6-1 og 6-2). Bevillingsmynde kan likevel i særlege tilfelle bestemme at gebyret skal setjast lågare.

Eidfjord kommune har gradert bevillingsgebyr for einskildløyve som fylgjande:

- Skjenking ved einskildhøve (0-99 deltakarar) kr. 600,-
- Skjenking ved einskildhøve (100-200 deltakarar) kr. 1500,-
- Skjenking ved einskildhøve (over 200 deltakarar) kr. 3000,-

Gebyr for sals- og skjenkeløyva, med fråtrekk av kostnadar til skjenkekontrollen, skal øyremerkast førebyggjande tiltak retta mot born og unge.

6.1 Tildeling av servering, sals- og skjenkeløyve

Kommunen kan i hovudsak tildela tre typar løyve:

- **Serveringsløyve** – Verksemd for servering av mat og drikk, der forholda legg til rette for fortæring på stedet. (Serveringslova §2 (1))
- **Salsløyve** – Overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag, der drikking skjer utanfor salsstaden. (Alkohollova §1-4 (1))
- **Skjenkeløyve** – Overdraging av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag, der drikking skjer på staden. (Alkohollova §1-4 (2))

Alkohollova § 1-7 gjev retningsliner for handsaming ved søknad om sals- og skjenkeløyve.

- Lokalet skal vera godkjend i samsvar med plan- og bygningslov, av brannmynde og mattilsynet.
- For skjenkeløyve, skal det føreliggja serveringsløyve.
- Det er vandelskrav for personar i bedrifta; eigar, styrar og stadfortredar skal godkjennast.
- Det skal innhentast uttale frå politi, sosialtenesta og skatte/avgiftsmynde.
- Dagleg leiar, styrar og stadfortredar skal ha godkjent kunnskapsprøve. (Kommunen er ansvarleg for å avhelde slike prøver).

Kommunal bevilling til sals- og skjenkeløyve vert gjeve for 4 år av gongen, med opphør seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tilttrer. Det er mogeleg å gje løyve for ein viss del av året eller for eit visst høve.

6.2 Salsløyve

Kommunestyret avgjer:

- om det skal vera sal av alkoholhaldig drikk i kommunen
- om salet skal skje ved eigne utsalstadar (monopol) eller i daglegvarebutikk
- om salet skal skje over disk eller som sjølvbetjeningssal

Det er ikkje lov å gje salsbevilling til kiosk eller bensinstasjon. (Alkoholforskrifta § 3-4).

I Eidfjord har daglegvarebutikkane salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, medan verksemder med kommunalt tilverkingsløyve i tillegg kan ha løyve for sal av alkoholgruppe 2. Eidfjord kommune har ikkje tak på antal salsløyve. Pr. 01.01.2024 er det 5 utsalsstadar for alkoholgruppe 1, og 1 utsalsstad som i tillegg har alkoholgruppe 2.

Alkohollova inneheld føresegn om normal- og maksimaltid for sal og skjenking av alkohol, men kommune kan sjølv avgjerda sals- og skjenketidene innanfor makstida.

Salstider for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2:

Kvardagar, og dagen før Kristi himmelfartsdag	Kl. 08.00 – 20.00
Laurdag og dagar før heilagdag	Kl. 08.00 – 18.00
Sundag, heilagdag, 1. og 17. mai	Sal er ikkje tillate

6.3 Skjenkeløyve

Kommunestyret avgjer:

- om det skal vera skjenking av alkoholhaldig drikk i kommunen
- om talet på skjenkestadar skal avgrensast
- om skjenkeløyve skal avgrensast til spesielle driftskonsept
- kor lang skjenketida skal vera

Skjenkeløyvet kan omfatte alkoholhaldig drikk i gruppe 1,2 og 3. Løyvet kan gjelda generelt, for visse tider av året, eller som einskildløyve ved einskihøve.

Eidfjord kommune har ikkje tak på antal skjenkeløyve. Pr. 01.01.2024 er det 19 skjenkestader.

Skjenketider for alkoholhaldig drikk:

Alkoholhadig drikk gruppe 1 og 2, Alle dagar	Kl. 08.00 – 02.00
Alkoholhaldig drikk gruppe 3, Alle dagar	Kl. 13.00 – 02.00

6.4 Kommunalt tilverkingsløyve

Kommunen kan gje utvida løyve til å omfatta tilverknad av øl, vin og sider, til sal og/eller skjenking i eiga verksemd, dersom visse vilkår er tilstades. (Alkoholova § 3-1b og § 4-2 tredje ledd).

Vilkår:

- Sal og skjenking kan berre skje på tilverkingsstaden.
- Tilverking, sal og/eller skjenkinga skal utgjera ein del av staden sin heilskapelege karakter og serveringstilbod.

For bevilling etter alkoholova § 3-1b:

- Det kan maksimalt selgjast inntil 15 000 liter per år.
- Det kan ikkje tilsetjast brennevin, eller vere innblanda andre alkoholhaldige produkter.
- Minst ein tredel av råvarane som vert nytta må vere dyrka på eigen eller leigd jord.

Eidfjord kommune har ikkje tak på antal tilverkingsløyver. Pr. 01.01.2024 er det 2 tilverkingsløyver.

6.5 Ambulerande løyve

Det vert ikkje gjeve ambulerande løyve i Eidfjord, skjenkeløyve for einskildhøve erstattar dette.

6.6 Kontroll og reaksjonar

Kommunen har ansvar for kontroll med utøvinga av dei kommunale sals- og skjenkeløyvene (Alkoholova § 1-9 og alkoholforskrifta kap. 9). Kontroll av sals- og skjenkestadene i Eidfjord kommune vert ivareteke gjennom det interkommunale samarbeidet med skjenkekontrollen i Kvam. Utgifter til skjenkekontrollen er føreset dekkja inn gjennom innkreving av sals- og skjenkegebyr.

Frå. 1. januar 2016 vart det innført eit prikkbelastningssystem (Alkoholforskrifta kap. 10). Systemet legg til rette for enklare kontroll og sakshandsaming av brot på regelverket, og standardiserte reaksjonar for dei ulike formane for overtredingar.

Ved lovbrott etter kontroll gjennomført i samsvar med forskrift, skal kommunen tildela bevillingshavar eit bestemt tal prikkar. Eit brott kan gje maks 8 prikkar. Dersom det er tildelt 12 prikkar i løpet av 2 år vil det føre til inndraging i ei veke. Dersom det i løpet av

toårsperioden vert tildelt fleire enn 12 prikkar, skal lengd på inndraging aukast tilsvarande. Ordninga er obligatorisk, og kommunen er forplikta til å følgje retteliinga i forskrifta.

Oversikt over prikkfordeling

8 prikkar

- Sal og skjenking til mindreårige
- Brot på bistandsplikta
- Brot på krav om forsvarleg drift
- Hindring av kontroll

4 prikkar

- Sal og skjenking til openbart rusa person
- Brot på sals-, utleverings- eller skjenketidene
- Skjenking av brennevin til person mellom 18 og 20 år
- Brot på alderskrav til den som sel eller skjenker alkohol

2 prikkar

- Openbart påvirka person i lokalet
- Manglar ved internkontroll
- Manglande levering av omsetjingsppgåve
- Manglande betaling av bevillingsgebyr
- Brot på krav om styrar og stedfortreder
- Narkotikaomsetjing
- Diskriminering

1 prikk

- Brot på krav om alkoholfrie alternativ
- Brot på reglar om skjenkemengd av brennevin
- Konsum av medbrakt alkohol
- Gjester tek med alkohol ut
- Brot på plikta om å påse at det ikkje drikkes alkohol i salslokale
- Brot på krav om plassering av alkoholhaldig drikk på salsplassen
- Brot på vilkår i løyvevedtaket
- Brot på reklameforbodet

6.7 Fornyng av sals- og skjenkeløyver

Alkohollova §1-6 tredje ledd, opner for videreføring av sals- og skjenkeløyver for ein ny periode på inntil fire år, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt

kommunestyre tiltrer, dersom kommunen etter kommunevalet har foreteke ein gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen. Eidfjord kommune handsamar ruspolitisk handlingsplan, lokal forskrift og vedtak om fornying av løyver nokon lunde samstundes, og innan utgongen av inneverande løyveperiode.

Tidlegare periodar har sals- og skjenkeløyva i Eidfjord kommune vorte vidareførte utan andre endringar enn dei vilkåra som eventuelt førekjem av den ruspolitiske handlingsplanen og lokale forskrifta. Denne løysinga fungerer bra, me har god oversikt over løyvene, det er lite brot og denne løysinga gjer det enklare for næringa.

Framlegg til vedtak i Eidfjord kommunestyre:

«Alle gjeldande sals- og skjenkeløyver i Eidfjord kommune vert fornya til 30. september 2028. Vilkår for løyva vert endra i tråd med ruspolitisk handlingsplan og lokal forskrift, som skal reviderast og handsamast innan utløp av noverande løyveperiode.»

7. Oppfølging og rehabilitering av rusmiddelbrukarar

Mål for oppfølging og rehabilitering av rusmisbrukarar.

- Betra evna til meistring og gje rusmisbrukarar håp om eit betre liv, for å hjelpa dei til å leva i ein rusfri kvardag.
- Arbeida for å redusere helseplager blant brukarane og motverka marginalisering, slik at rusmiddelmisbrukara kan få betre liv og helse.

Kommunen har ansvar for å hjelpa den enkelte til å koma bort frå misbruk av alkohol og rusmidlar. Den har ansvar for å gje råd, rettleiing og hjelp til vedkommande sin familie. Dette fyl av lov om kommunale helse og omsorgsteneste. Tenestenivå bør leggja vekt på samarbeid for å sikra heilskapleg og koordinert tenester. Kommunen må ha eit tverrfagleg fokus på dette arbeidet. Herunder tjenester frå helse med lege, ruskoordinator, psykiatrisk sjukepleier og NAV sosialtenesta. I nokre tilfeller kan og pleie og omsorgstjenesta være involvert i dette arbeidet dersom det er behov for heimebaserte tjenester eller dagleg medisinsk oppfølging. Tilboda kan omfatta mellom anna råd og rettleiing, bu oppfølging, individuell plan (IP), deltaking i aktivitetstilbod og oppfølging av brukarar som har vedtak om legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Behovet som ligg på den enkelte er lagt til grunn for tenesta.

7.1 Behandlingstilbod

Tradisjonell behandling av rusmiddelavhengige er basert på behandling ved institusjonar utanfor kommunen sine grenser. Det er naturleg og nødvendig at slike tilbod vert nytta og ansvaret for institusjonsbehandlinga er lagt til dei regionale helseføretaka. Basert på prinsippet om at tilboda skal være brukartilpassa og fleksible for å nå så mange som mogleg,

er det viktig å sjå institusjonsbehandling i tett samanheng med det tilbodet som blir gitt i kommune.

I Eidfjord kommune er det kommunale arbeidet omfatta av den enkelte brukar sitt behov for tenester og det kommunale arbeidet omfattar førebygging, kartlegging og utredning, oppfylging og skadereduksjon. Eidfjord kommune fekk i 2023 ein 50% prosjektstilling som ruskoordinator. Denne vil gå over fire år. Dette er eit lågterskeltilbod til eventuelle pasientar, i tillegg til at ruskoordinatoren har eit stort fokus på førebygging. Då særskilt opp mot barn og unge.

Kommunane er frå 01.01.17 pålagt å ha eit ØH- tilbod innan rus og psykiatri. Eidfjord kommune ser ikkje at kommunen kan klare det åleine og er i dialog med Voss kommune om eit samarbeid slik som dei har knytt til somatiske ØH- sengeplassar.

7.2 Tiltak – bustad

Ein god og trygg bustad er viktig for meistring og betring for rusmiddelbrukarar. Kommunen skal gi individuelt tilpassa bistand til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Dette fyl av Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet. Det kan vera å gi råd og rettleiing om økonomi, statlege og kommunale tenestetilbod, korleis meistre å bu eller andre forhold som har noko å sei for busituasjonen.

Boligsosiallova § 5: Ansvar for organisering og planlegging

Kommunen skal i sitt arbeid på det boligsosiale feltet sørge for samarbeid på tvers av sektorer og samordning av sine tjenester. For øvrig skal kommunen samarbeide med andre offentlige aktører som kan bidra til arbeidet for vanskeligstilte på boligmarkedet.

Personar med rusutfordringar kan trenga hjelp til å skaffa- eller behalda bustad. Sosialtenesta i kommunen har eit særleg ansvar for å gi råd og rettleiing for å løysa eller førebyggja slike sosiale problem. NAV kan hjelpa deg med å skaffa bustad i ein nødssituasjon, eller viss du leitar etter ein ny stad å bu. Eidfjord har per i dag god kapasitet på kommunale bustader.

For buoppfylging bør tverrfagleg arbeid liggja til grunn. Buoppfylging inneber at ein gjennom individuelt tilpassa tiltak skal gjera den enkelte mest mogleg i stand til å ta ansvar for buforholdet sitt.

7.3 Regionale kompetansesenter for rusmiddelspørsmål

KoRus har ei sentral rolle i å gjennomføra nasjonal ruspolitikk. Alle KoRus sine kjerneoppgåver gjeld: Rusmiddelførebygging og folkehelsearbeid (der ansvarleg alkoholhandtering er ei sentral oppgåve), tidleg intervensjon og rusbehandling.

KoRus Bergen – Stiftelsen Bergensklinikkenen www.korusbergen.no

Andre aktuelle lenkjer:

www.fhi.no

[Rusmidler, doping og avhengighet - FHI](#)

[Forside - Juvente](#)

[Forsiden - Voksne for Barn \(vfb.no\)](#)

8. Framlegg til vedtak av planen

1) Ruspolitisk handlingsplan for Eidfjord kommune 2024-2028 vert vedteken slik den ligg føre. Alle einingar som er omfatta av denne planen pliktar å gjennomføra dei tiltak som er oppførde.

2) Inntekter frå sals- og skjenkeløyver, med fråtrekk av kostnadar til skjenkekontrollen skal setjast av til førebyggjande tiltak for barn og unge.

3) Tilskot til felles rusfri 16. mai for ungdom skal finansierast slik:

Nav/sosial kr. 15.000,-

Kultur kr. 15.000,-

4) Planen skal rullerast innan utgangen av kvar bevillingsperiode (kommunestyreperiode). Neste rullering vert innan 1. juni 2028. Rådmann har ansvar for å peika ut ei arbeidsgruppe innan 31. desember 2027.